

# **Emnerapport haust 2013**

## **Emnekode og namn:**

**NORAN 115 Litteratur og tekst i eit andrespråksperspektiv**

### **Faglærars vurdering av gjennomføring**

#### **Praktisk gjennomføring:**

Emnet er samansett av ein språkleg del og ein litteraturdel. Litteraturdelen består av to bolkar – litteraturredidaktikk og litterære tekstar i eit migrasjonsperspektiv. Det er to mappeoppgåver, éi i språk og éi i litteratur. Denne samansette strukturen på emnet byr på nokre utfordringar når det gjeld koordinering av timeplan og lærarressursar. Semesterplanen var lagt opp til dels som bolkundervisning slik at studentane i størst mogeleg grad kunne konsentrera seg om ein del av emnet om gongen. Det blei også sett av tid til skriving av mappeoppgåver innanfor avgrensa tidsperiodar. Faglærars vurdering er at den praktiske gjennomføringa —til tross for dei mange faktorane det var å ta omsyn til— gjekk bra.

#### **Strykprosent og frafall:**

Obligatorisk arbeidskrav er innlevering av utkast til to mappeoppgåver til rettleiing. 13 studentar leverte den første mappeoppgåva, men tre studentar fall deretter frå, og 10 studentar hadde to godkjende arbeidskrav og kunne gå opp til eksamen. Alle møtte. Ingen stryk.

**Karakterfordeling: A:3, B: 3, C:2, D: 1, E: 1**

#### **Studieinformasjon:**

Studierettleiar deltok på orienteringsmøtet og var tilgjengeleg for spørsmål også utover i semesteret. Faglærars inntrykk er at studentane blir svært godt tatt vare på av studierettleiaren. Kommunikasjonen med studierettleiar og eksamenskonsulent slik faglærer ser det, har vore svært bra.

#### **Tilgang til relevant litteratur:**

Pensumlitteraturen var tilgjengeleg på Studia bokhandel (bøker og to kompendium).

### **Faglærars vurdering av rammevilkåra**

#### **Lokale og undervisningsutstyr:**

Rom og utstyr var i orden.

## Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

**Metode – gjennomføring:** Det blei delt ut evalueringsskjema på papir i siste undervisningsøkt, og det blei lagt til rette for anonym innlevering. Seks (6 ) studentar leverte inn svar. Følgjande spørsmål blei brukt:

### Evaluering NORAN 115 - H2013

1. I hvor stor grad har du vært til stede på forelesningene?  
Nesten alltid  
Omtrent halvparten av gangene  
Nesten aldri  
Hvis ikke, si gjerne noe om hvorfor .....
2. Har du deltatt på kollokviene?  
Nesten alltid  
Omtrent halvparten av gangene  
Nesten aldri  
Hvis ikke, si gjerne noe om hvorfor .....
3. Hvilken nytte har du hatt av kollokviespørsmålene? .....
- 4 I hvilken grad er du fornøyd med den vekten de ulike emne-delene har fått i undervisningen?  
Svært fornøyd  
Fornøyd  
Verken fornøyd eller misfornøyd  
Misfornøyd  
Tilleggskommentar:.....
5. Kurset omfatter både en litterær og en språklig del. I hvilken grad synes du det har fungert?  
I stor grad  
Sånn passe  
Ikke i noen særlig grad  
Tilleggskommentar: .....
6. Kan du si noe om mer hvordan du opplevde sammensetningen av kurset? Grunngi svaret ditt med noen linjer:
7. Hvilken vanskegrad mener du pensum har hatt?  
For lett  
Akkurat passe  
For vanskelig
8. Hva synes du om omfanget av pensumet?  
For stort  
Passe  
For lite  
Andre kommentarer til pensum: .....
9. Hvordan har du opplevd prosessen med skriving av mappeoppgaver ?
10. I hvor stor grad synes du veiledningen underveis hjalp deg videre med mappeoppgavene?  
I stor grad  
Til en viss grad  
I liten grad
11. Er det noe du ville forandret ved dette kurset?
12. Er det noe du er spesielt godt fornøyd med?
13. Mener du at dette kurset har relevans for dine videre studier eller arbeid?  
Ja, i stor grad  
Sånn passe  
Nei, egentlig ikke  
Tilleggskommentar: .....
14. Ville du anbefale dette kurset for andre studenter?  
Ja  
Kanskje  
Nei
- 15 Andre kommentarer som kan være viktig for oss å ta med oss i arbeidet med å revidere kurset.

## **Oppsummering av innspel:**

Fem av dei seks studentane som svarte på spørsmåla oppgir at dei nesten alltid var *til stades på undervisninga*. Ein student har vore til stades omtrent halvparten av gongene og oppgir jobb som grunn til fråveret.

Det går fram at *kollokviedeltakinga* ikkje har vore så stor, og fleire nemner jobb og generelt tidspress som årsak til dette. Men kollokvieaktiviteten tok seg opp då det nærma seg eksamen. Alle uttrykkjer at dei synest kollokviespørsmåla, som blei utdelt av faglærar, var nyttige.

Når det gjeld spørsmålet rundt *vektinga av dei ulike tema-bolkane* i undervisninga, er det ingen som uttrykkjer at dei var misnøgde, men éin student ville gjerne ha hatt meir litteraturdidaktikk, og to studentar nemner at migrasjonslitteratur kunne ha fått meir plass med tanke på at dette var sentralt til eksamen.

Det blei også stilt spørsmål om korleis studentane såg på emnet som *samansett av ein språkleg og ein litterær del*. Her nemner studentane at faget blir for stort og at det kan vera vanskeleg å sjå klar samanheng mellom dei ulike delene – særleg med omsyn til kva rolle migrasjonslitteratur har i høve til det andre stoffet.

Fem av seks meiner vanskegraden på *pensum* er 'akkurat passe'. Fire av seks meiner pensumet er 'for stort'.

Når det gjeld prosessen med skriving av mappeoppgåver, er studentane svært positive, og alle har kryssa av på at dei 'i stor grad' synest rettleiinga hjalp dei vidare med skrivinga.

På spørsmålet "Er det noe du ville forandret ved dette kurset" nemner fleire av studentane at det kunne ha vore betre indre samanheng og at ein også bør sjå på organiseringa; éin student foreslår inndeling i fleire kurs.

Fire av seks studentar meiner at emnet i stor grad har *relevans for vidare studium og arbeid*.

Alle svarar ja på spørsmålet om dei vil *anbefala kurset til andre studentar*.

## **Faglærars samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:**

Faglærars inntrykk er at studentane stort sett er nøgde med emnet, men kommentarane frå studentane på kva som kan bli betre, er svært nyttige i samband med den pågåande revideringa fagmiljøet har av dette emnet. Ein vil m.a. sjå på omfanget av pensum og korleis dei ulike delene klarare kan inngå i ein betre samaheng.